

**Fra:** Ostereidet Skulemusikk Leiar <osmleiar@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 11. april 2023 22:26  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Høyringsinnspel kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv

## Innspel til kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035

På vegne av Ostereidet Skulemusikk ynskjer me å spele inn desse punktene til planen;

Me her på Ostereidet føler oss gløynde av kommunen. Det er ikkje det at me ikkje ser at me bur i ein del som er utfordrande mtp avstandar, men akkurat dei avstandane gjer at me TRENG å få fleire tilbod til barn/unge her i bygda. Det er både langt, dyrt og tidkrevjande å køyre til Knarvik for mange, men borna her i bygda har samme behov, og burde hatt samme rettigheter til aktivitetar som dei borna i andre delar av kommunen vår.

At me ynskjer oss Osterhallen er nok komt tydeleg fram, og det er framleis på topp på ynskjelista, då den kan generere mange fleire moglegheiter.

I påvente av hallen har me eit stekrt ynskje om å få konkrete Kulturskuletilbod lokalisert på Ostereidet.

Gjerne innan musikk, drama, maling, dans.

(Og her vil me understreke at det er viktig felt for born å kunne uttrykke seg på. I eit samfunn der adferdsproblema veks, og skulen vert tappa for ressursar, er det ei billeg investering å la borna få uttrykkje seg på andre måtar enn fagleg, for å kunne oppleve meistring)

MEN, det er viktig at det kjem fram på søknadspapira at desse tilboda kan tilbys på Ostereidet i utgangspkt. Mange vel å ikkje søke borna inn i Kulturskulen grunna lang reise.

Me ynskjer og å få ei auke i tilbodet i Ungdomsklubben;  
Fleire dagar opent, og for fleire aldersgrupper.

Det er òg eit ynskje om å ha ein E-sportavdeling på Ungdomskubben. Dette i påvente av hallen, og denne avdelinga kan flyttast inn der når den kjem.

Mulighet til open hall (aka GYMSAL) i helger og feriar står òg på ynskelista vår. Dette tilbodet har dei dei fleste andre plassar i Kommunen, men det har ikkje vore tema her. Er gymsalen god nok til skulebruk/ettermiddagsbruk, så bør den òg kunne være open i helgar/feriar. Gjerne òg kombinert med bassenget, så hadde fleire kunne nytte seg av det me har.

SÅ ynskjer me oss eit Folkebibliotek. Eit par kveldar i veka hadde vore perfekt!

Og for oss i skulemusikken er det eit sterkt ynskje om å kunne ha tilgang på egna lokaler, både for øving og lagringsmuligheter. Det som vert brukt no, er ikkje tilfredsstillande.

Håpar de kan sjå på dette med alvorsauger, og skjønne at trass store avstandar og vrien logistikk, så bur me mange her inne, og me ynskjer å verte sett, samt kunne tilby både barna og ungdommane våre aktivitetar i vårt nærrområde.

På vegne av Ostereidet Skulemusikk  
Silje Smådal